



Helgøysund gjekk ikkje uventa til topps. (Foto: Båtmagasinet)

Uskedal Båthamn vart til slutt nummer tre i tevlinga om å bli "Årets båthavn 2008" – etter Helgøysund Marina i Finnøy i Rogaland og Husnes Båthamn. Bjoa kom inn som nummer fire.

Det kom inn over 3.000 godkjente stemmer og dysten i toppen var skarp, med berre vel 200 mellom dei tre første, får uskedalen.no opplyst. Det er Båtmagasinet og Norske Gjestehavner som arrangerer.. Medan Helgøysund fekk 645, nådde Husnes opp i 522 og Uskedalen enda på 426. Desse tre låg i ein særklasse ettersom Bjoa berre hadde 261.

Vinnarhamna har hatt ein knallsesong med opptil 400 dagleg besøkande båtturistar. Dei fleste har reist vidare etter å ha utnytta nokre av dei mange tilboda i hamna, men dei 88 overnattingsplassane har stort sett vore i bruk i heile sommar.

Det var ei rekkje grunnar til at rogalendingene gjekk til topps dette året og her er nokre stikkord frå stemmesetlane som andre også kan ta lærdom av:

- God service, hyggeleg vertskap
- Flotte facilitetar, har alt
- Gratis og god hamn.
- Beliggenheit, plass, butikk, velhalden hamn.

Helgøysund Marina ligg i det vakre området rundt Sjernarøyane i Ryfylke og har i fleire år kniva med Husnes om denne ettertrakta tittelen. Men i år måtte altså Husnes ta til takke med andreklassen, med Uskedalen ikkje langt etter.

Eigaren av Helgøysund Marina Daniel Nedrebø opplyser at familiebedrifta berre tar betalt for bruk av servicetenestene og bruk av strøm medan sjølve bryggeplassane er gratis. Nedrebø har hatt landhandel sidan i 1960-åra men har sakte men sikkert utvida tilbodet slik at Helgøysund Marina no er ei av dei flottaste i Rogaland.

I tillegg til drivstoffpåfylling står eit moderne sanitæranlegg, butikk, restaurant og leikeområde til disposisjon. Det har lenge vore planar om utviding og verten reknar med at kommunen no vil akseptera det.

Av Ola Matti Mathisen



Uskedalen kom på ein fin tredjeplass i tevlinga "Årets Båthavn 2008" (Foto: Erlend Moen)